

- Alle menneske har same verdi

22.08.2011



Hans Reidar Kjærland, til dagleg bonde men her som vassverkleiar.

**Det er også kyrkjeval 12. september og Kvinnheringen har stilt nokre av kandidatane likelydande spørsmål.**

**To av dei er frå Uskedalen - neverandre leiar av soknerådet Møyfrid Kristoffersen og ny kandidat Hans Reidar Kjærland.**

**Dei blir mellom anna spurta om dei er einig eller ueinig i at homofile i partnarskap skal få gjera teneste i kyrkja.**



Møyfrid Kristoffersen, til dagleg sosionom men her som innsamlingsleiar

Kjærland svarar slik:

- Ingen problem for meg, Vi må ta inn over oss og tilpasa oss den tida vi lever i.

Kristoffersen svarar slik:

-Alle menneske har same verdi, så det seier seg sjølv.

Dei blir også spurta om hjartesak og Kjærland svarar at det blir å halda kyrkja vår ved like.

Det er ei stor utfordring når ein ser på det store talet kyrkjebygg i landet og ikkje minst kor därlege mange av bygga er.

Kjærland synest det vil vera sorgjeleg om landet ikkje maktar å ta vare på desse bygga. Ei anna sak vil vera å få plass til eit brannvarslingsanlegg i kyrkja.

Kristoffersen svarar slik på dette spørsmålet:

- At bygdefolket skal ønskja å gå i kyrkja og kjenne denne som ei glad og inkluderande kyrkje, ein plass der ein kan føla det naturleg å koma med både tru og tvil, og ein plass for ro og ettertanke.

Kjærland svarar på eit spørsmål om det er rett å ta vare på statskyrkja at

ho står sterkt i det norske samfunnet i dag, men at ho må få lov å følgja med tida. Han strekar under at vi ikkje er tente med ei svelteforing få Staten si side.

Kristoffersen peikar på at statskyrkja er tradisjon og tradisjon har ho tru på. Privatisering kan bidra til ulikskap og mindre tryggleik.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen